

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Utval for oppvekst og omsorg	23.11.2009	054/09	JAH

Avgjerd av: Saksansv.: Jan Ansgar Husebø	Arkiv: K1- Objekt:	Arkivsaknr 09/2148
-----------------------------------------------------------	-------------------------------------	------------------------------

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I ALKOHOLLOVGJEVINGA

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	23.09.2009	Helse- og Omsorgsdepartementet	VS: HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGER I ALKOHOLLOVGIVNINGEN

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.:

Alkohollova, Kommunelova, Forvaltningslova.

Saka gjeld:

Helse – og Omsorgsdepartementet har sendt ut framlegg til endringar i Alkoholovgjevinga på høyring

Saksutgreiing:

Frå Helse-og Omsorgsdepartementet (heretter HOD) er motteke høyringsnotat om foreslåtte endringar i alkohollova med føresegner og i vinmonopolloven. Høyringsfrist er sett til 23. desember. Nokre av endringane er vesentlege, medan andre går meir på endringar av omgrep og klassifiseringar. HOD ber særskilt om tilbakemelding på nokre få punkt og vårt høyringssvar er konsentrert ruindt desse..

Nedanfor fylgjer ei oppstilling av endringar. (sitat frå side 7 i høyringsnotatet)

- "Alkoholovens maksimaltider for skjenking foreslås innskrenket med en time
- Kontroll- og reaksjonsbestemmelsene vurderes, og det skisseres en mulig prøveordning for inndragelse av bevilling på stedet
- Det foreslås å åpne for salg i egen virksomhet av egenprodusert alkoholholdig drikk som inneholder inntil 4,7 volumprosent alkohol
- Det foreslås å tillate auksjon av alkoholholdig drikk mellom private i regi av Vinmonopolet. Videre foreslås det å oppheve forbudet mot auksjon av alkoholholdig drikk mellom næringsdrivende

- Bevillingsgebyrene foreslås justert
- Aldersbestemmelsene foreslås presisert og unntaket for fagbrev foreslås utvidet
- Det foreslås å fastsette unntak fra tvisteloven § 1-5
- Endringer knyttet til statistikkinformasjon foreslås
- Tilgjengelighet til salgs- og skjenkesteder vurderes
- Vinmonopolloven § 12 foreslås endret
- Innarbeiding av alkoholforskriftens gruppebetegnelser på alkoholholdig drikk i alkoholloven foreslås
- Endringer knyttet til betegnelsen flaske og til mengdeangivelser foreslås

I tillegg foreslås en endring av feil henvisning, feil i overskrift i alkoholloven kapittel 3 samt endringer som følge av at Helsedirektoratet har skiftet navn (tidligere Sosial- og helsedirektoratet)”

Kort resymé av dei vesentlege endringane:

- Alkohollovens maksimaltider for skjenking foreslås innskrenket med en time

Maksimaltid for skjenking er i dag: for alkoholholdig drikk inntil 22 volumprosent frå kl. 06.00 til 03.00 . For alkoholholdig drikk over 22 volumprosent er maksimal skjenketid frå kl. 13.00 og til kl. 03.00.

Lovforslaget set ny grense til kl. 02.00 for maksimal skjenketid for begge kategoriar.

Forslaget er vurdert ut frå sosiale og helsemessige skader. Valdsomfanget knytt til alkoholrus har auka . Internasjonal forskning har vist at der er samanheng mellom skjenketider og vald.

Når skjenketidene aukar får ein meir vald og omvendt.

Mange kommunar tok dette til følgje ved sist tildeling av løyve og gjekk til innstraming av skjenketidene, men dette er ikkje nok etter Departementet sitt syn.

Sitat side 9 i forslaget

”Inntrykket fra mediedebatten knyttet til fomying av bevillinger i 2008 er at man i en del kommuner har fått en økt bevissthet rundt skjenketidene, og enkelte kommuner har som en følge av dette redusert skjenketidene. Helse- og omsorgsdepartementet er likevel av den oppfatning av at dette ikke er tilstrekkelig. De reduserte skadevirkningene en slik lovendring kan innebære for den enkelte og for samfunnet, må tillegges betydelig vekt”

- Kontroll- og reaksjonsbestemmelsene vurderes, og det skisseres en mulig prøveordning for inndragelse av bevilling på stedet

Gjeldande rett:

Alkohollova regulerer kontroll med sals- og skjenkeløyve. Kontrollen er lagt til kommunen. Kommunen kan fastsetja nærare retningslinjer for kontroll innanfor ramma av alkoholforskrifta. Når det gjeld delegasjon til å fatta vedtak om inndraging så er dette i dag regulert av Kommuneloven der inndragingsmynde kan delegerast til faste utval ,kommunerådet og administrasjonssjefen. Kort sagt er der idag ikkje lovheimel for å kunna delegera inndragingsmynde vidare til kontrollørane. Ei slik ordning bryt også med Alkoholforskrifta §9-6 der partane har rett til å få gjera seg kjent med vesentlege opplysningar som ligg føre og skal få lov til å uttala seg før vedtak vert fatta. Prinsippet om direkteinndraging bryt også med vesentlege grunnreglar i Forvaltningslova (§ 16 om Førehandsvarsling og § 17 om Utgreiings-og Informasjonsplikt

HOD har i høyringsutkastet drøfta ei mogeleg prøveordning svært grundig.

Noverande rettspraksis er sett opp mot trongen for å kunna slå ned på overtredingar der det er særleg viktig at lovbrøtet opphøyrer øyeblikkeleg. Dei legg ikkje fram konkret forslag til lov/forskriftsendring, men presenterer premissane dei meiner må leggjast til grunn.

Desse er m.a:

- Kontrollørane må få opplæring også i forvaltningsrett og vurdering av bevis. Helsedirektoratet vil setja opp kriterier for slik opplæring
- Direkte inndraging må vera knytt til alvorlege brot i høve til alkohollova sitt føremål og der det er særleg viktig at lovbrøtet opphøyrer straks. Som døme er nemnt:

Skjenking og sal til mindreårige, brot på sals- og skjenketider, skjenking til overstadig rusa personar

- Direkte inndraging bør nyttast først og fremst for kort tid. Dette kan også vera eit effektivt virkemiddel for einskildarrangement og andre kortvarige løyve.
- Vedtak bør handsamast på ny av kommunen etter vanleg regelverk der kommunen kan stadfesta, utvida eller forkorta inndraginga.

Det som er noko uklart er om kommunen kan verta erstatningsansvarleg dersom stengingsvedtak er gjort , og kommunen seinare opphevar dette vedtaket.

- Det foreslås å åpne for salg i egen virksomhet av egenprodusert alkoholholdig drikk som inneholder inntil 4,7 volumprosent alkohol

Forslaget er fremja først og fremst knytt til lokal matkultur, og opnar for at verksemder som driv med tradisjonsmat kan t.d laga konsept der eigenprodusert drikk inngår. Det er presisert at slik framstilling og sal skal framstå som del av ein heilskap.

- Bevillingsgebyrene foreslås justert

I framlegget er også teke med gebyrsatsar knytt til tilverknad av alkoholhaldig drikk. I tillegg er der ei drøfting av om gebyrsatsane bør vera knytt til konsumprisindeksen og automatisk aukast i samsvar med denne. Konklusjonen er å halda på ordninga ein har i dag at gebyrsatsane vert vurdert og endra med jamne mellomrom utan flytande justeringar.

Dei andre endringane vert vurdert å vera av mindre vesentleg art.

Vurdering:

- Alkohollovens maksimaltider for skjenking foreslås innskrenket med en time

Siste handsaming av Rusmiddelpolitisk plan førte til innskrenking av skjenketider i Vindafjord kommune. Dei lokale politikarane var opptekne av dei same problemstillingane som ligg til grunn for innstramingsforslaget i lovgjevinga. Rådmannen vurderer det difor slik at endringa i lovgjevinga er i tråd med lokal prioritering og tilrår at forslaget vert støtta

- Kontroll- og reaksjonsbestemmelsene vurderes, og det skisseres en mulig prøveordning for inndragelse av bevilling på stedet

Ei slik ordning bryt med mykje av rettspraksisen me har i dag , særleg då i høve til Forvaltningslova. Utelivsbransjen meiner at det er få verksemder som har så strengt lovverk å forhalda seg til som dei har i dag. Dette forslaget utvidar sanksjonsgrunnlaget ytterlegare. Ut frå skjøn kan ein person stenga ei verksemd for kortare eller lengre tid. Sett frå den andre sida så er det uheldig at grove lovbrott kan finna stad, men at sanksjonane uteblir i vekesvis pga sakshandsamingstid

Rådmannen ser forslaget klårt som eit steg på vegen for å auka fokus på oppfølging og kontroll etter lovverket, og er samd i slik målsetjing.. Rådmannen rår difor til å støtta at det vert opna for prøveordning i samsvar med intensjonane som er lagt fram i høyringsnotatet.

Dei andre endringane ser rådmannen som mindre vesentlege og gir difor ikkje særskilt høyringsuttale til dei.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kommune gir følgjande høyringsvar til endringsforslag knytt til alkoholavgjevinga:

- 1. Vindafjord kommune er samd med vurderingane departementet har gjort kring skadeverknader og vald og støttar forslaget om innskrenking av maksimal skjenketid med ein time.**
- 2. Vindafjord kommune ser behov for meir effektive sanksjonsmiddel knytt til alvorlege lovbrøt i alkoholavgjevinga og støttar ei prøveordning der det vert gitt høve til rask reaksjon. Ordninga slik den er skissert i høyringsutkastet er eit godt utgangspunkt , men meir fokus på kontrollapparatet som heilskap er også viktig verkemiddel.**

23.11.2009 UTVAL FOR OPPVEKST OG OMSORG

Steinar Skartland (Krf) sette fram følgjande tilleggsforslag:

'Vindafjord kommune ynskjer ikkje at det skal opnast for omsetjing av eigenprodusert alkoholhaldig drikk med inntil 4,7% alkohol. Grunngevinga er at det vil verta vanskeleg å fylgja opp og kontrollera at krav til maks innhald av alkohol m.m. i drikken vert overhalde.'

Tilleggsforslaget fall med 5 mot ei røyst

Rådmannen si tilråding vart deretter samrøystes vedteken.

OPOM-054/09 VEDTAK:

Vindafjord kommune gir følgjande høyringsvar til endringsforslag knytt til alkoholavgjevinga:

- 1. Vindafjord kommune er samd med vurderingane departementet har gjort kring skadeverknader og vald og støttar forslaget om innskrenking av maksimal skjenketid med ein time.**
- 2. Vindafjord kommune ser behov for meir effektive sanksjonsmiddel knytt til alvorlege lovbrøt i alkoholavgjevinga og støttar ei prøveordning der det vert gitt høve til rask reaksjon. Ordninga slik den er skissert i høyringsutkastet er eit godt utgangspunkt , men meir fokus på kontrollapparatet som heilskap er også viktig verkemiddel.**



VINDAFJORD KOMMUNE

RETT KOPPI

Sign: